



STIFTELSEN TELEMARSKFORSKING
Postboks 4
3833 BØ I TELEMARK

Dato: 12.10.2016
Vår ref.: 2016/2550-13
Saksbehandlar: tortitt
Dykkar ref.:

Melding om kontraktstildeling i anbodskonkurranse under kr 500.000 kontrakt HFK-16-0042 Evaluering av museumsreforma

Vi takker for dykkar tilbod i konkurransen.

Etter evaluering av tilboda er vi komne til at kontrakten skal tildelast Agderforskning.

Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA).

Tilboda er vurderte etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

Nr	Tildelingskriterium	Vekt
1	Pris	25 %
2	Kvalitet	50 %
3	Kompetanse	25 %

Agderforskning har etter vår evaluering gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på desse kriteria.

Evaluering og resultat:

Totalt kom det inn to tilbod. Begge tilbydarane var kvalifisert for deltaking i konkurransen. Den etterfølgjande evalueringa har vore utfordrande ettersom begge tilbydarar har levert gode tilbod. Alle tilboda er evaluerte med poeng på tildelingskriteria, der 6 er høgast og 0 er lågast. Den beste leverandøren på kvart underkriterium får score 6

Hordaland fylkeskommune har kome til følgjande endeleg resultat:

Oppsummering evalueringsarbeid			Agderforskning		Telemarksforskning	
Evalueringsområder	Vekting	Vektet innefor ramme	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
	Pris	25 %	6,00	1,50	4,90	1,22
	Kvalitet	50 %	6,00	3,00	6,00	3,00
	Kompetanse	25 %	6,00	1,50	6,00	1,50
100 %						
Total score			6,00		5,72	
Rangering			1		2	

Nærare grunngjeving:

Hordaland fylkeskommune vil i det følgjande grunngje tildelinga der dykkar tilbod vert målt opp mot vinnaren av konkurransen.

Om dykkar tilbod

Tidelingskriterium 1 Pris

Telemarksforskning har gjeve den høgaste totalprisen i konkurransen. Telemarksforskning får score 4,9 på tidelingskriterium Pris.

Tidelingskriterium 2 Kvalitet

I høve til val av metode og arbeidsstruktur er tilbydar god. Det er bra at ein set Hordaland inn i ein nasjonal kontekst.

Telemarksforskning vil ha brei tilnærming til punkt som går på frivilligheit og samlingar utanfor dei konsoliderte musea mellom anna ved å inkludere kultursjefane.

Negativt i tilbodet: Telemarksforskning nemner ikkje eksplisitt korleis dei vil sjå på dei særlege utfordringane som er knytt til Kabuso og Bevaringstenestene.

Hordaland fylkeskommune vel å ikkje skilje mellom Agderforskning og Telemarksforskning. Samla får Telemarksforskning score 6,0 på tidelingskriterium «Kvalitet».

Tildelingskriterium 3 Kompetanse

Tilbydar har stor kompetanse og røynsle frå tilsvarande oppdrag innan museumssektoren. Negativt i tilbodet: Ingen

Hordaland fylkeskommune vel å ikkje skilje mellom Agderforskning og Telemarksforskning. Samla får Telemarksforskning score 6,0 på tildelingskriterium «Kompetanse».

Om tilbodet frå Agderforskning

Tildelingskriterium 1 Pris

Agderforskning har gjeve det beste tilbodet på tildelingskriterium pris. Samla sett får Agderforskning en score på 6.0.

Vi ønskjer Telemarksforskning velkomen tilbake ved nye konkurransar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
kst.fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.